

Velkommen til leir for 5.- og 6.-klassingar

Tema: "Venner for livet"

Tid: 6.-8. april 2018

Stad: Furutangen leirstad på Randøy

om Furutangen leirstad:

www.furutangen-misjonscenter.no



Arrangør:
Kyrkjelydane i Suldal



STØRST AV ALT

Hei!

Håpar du som går i 5. - eller 6. klasse har lyst til å vera med på leir på Furutangen!

Mange av dykk har fått boka «Bibelen-ei vandring gjennom den store forteljinga», eller får boka snart. Dei som ikkje har fått boka, kan få på leiren. Denne helga skal me bruka boka (så husk å ta den med viss du har fått!)

Du får læra meir om kva som står i Bibelen. Samtidig har me det gøy saman og du får bli kjend med andre 5.- og 6. klassingar frå heile Suldal kommune.

Me som er leiarar gledar oss til å bli betre kjend med deg!

Leiarar:

Asbjørn Salthe (sokneprest i Sand og Suldal sokn)

Turid Børtveit Skjelstad (kyrkjelydspedagog)

Hans Erik Haver

Ranveig Løvik

Sven Jongejuegd

Det blir fleire leiarar frå ulike stader i kommunen, kven det blir veit me ikkje enno.

Viss nokon av foreldra (eller besteforeldre) kan tenkja seg å vera med og bidra praktisk på leiren, er me glade for det. Gi i så fall beskjed om det så snart som mogleg (sjå kontaktinfo på siste sida). Eldre søsken kan òg vera aktuelt (helst konfirmant eller eldre)

Ta med:

Tannkost, handklede og såpe

Sovepose

Laken og putetrek

Regn-/uteklede/varme klede og støvlar/sko etter vêr og føre (me skal vera ein del ute)

Bibel-boka viss du har fått.

Skrivesaker og fargeblyantar

Lommelykt/hovudlykt
(i tilfelle me skal ha refleksløp 😊)

Innesko

NB! "Digitalfri" leir NB!

Mobiltelefon, ipad eller liknande skal ikkje brukast på leiren. Når ingen kan senda sms, spela dataspel og ta mobilbilder heile tida, er det lettare å konsentrera seg om det me held på med og ha det gøy saman heile gjengen.

(Viss du har med deg mobil, må han ligga lydlaus i sekken under alle aktivitetar på leiren og ikkje brukast til andre ting enn å ringa heim)

Om dei heime har behov for å få tak i deg i helga, kan dei ringa:

Turid Børtveit Skjelstad, 98 43 72 73

tlf.nr. Furutangen: 51752827

Program:

NB! Det kan bli endringer. Påmelde deltakarar får i så fall beskjed (i informasjons-mail vedlagt fakturaen for leiren)

Fredag Møt opp på/ved Suldal billag på Suldalsosen 17.15, ved Sand skule 17.45, Krysset i Lovraeid (for dei frå Jelsa, Ropeidhalvøya og Vanvik)18.00, eller Erfjord skule 18.10
kl 18.45 Ferje frå Nesvik
kl 19.30 Ankomst og innkvartering på Furutangen
Kveldsmat
Bli kjend-samling
kl 22.00 Godnattsamling
kl 23.00 God natt! Rolig!

Laurdag kl 08.00 Vekking
08.30 Frokost
09.30 Bibelsamling
11.00 Diverse uteaktivitetar ...Tarzanløype
12.30 Lunsj: Grilla pølser ute
13.30 Kiosk
14.15 Gudstenesteverkstad
Ca 15.45 Mellommåltid
16.15 Misjonssamling med Misjonstivoli
Aktivitetar.
18.00 Middag
20.00 Underholdningskveld
ca 21.00 Refleksløp?
22.30 Godnattsamling
23.00 God natt! Rolig!

Søndag kl 08.00 Vekking
08.30 Frokost
09.00 Rydding og pakking
10.00 Øving til gudsteneste
11.00 Gudsteneste
12.15 Middag
13.05 Klar til avreise.
13.45 Ferje frå Hjelmeland

(Ankomst Nesvik 13.55, Erfjord skule ca 14.20, krysset ved Lovraeid ca 14.35, Sand skule ca 14.55, Suldal billag på Suldalsosen ca 15.25)



Samarbeid 2016



2015



2016

Betaling:

Eigenandel pr. deltakar er kr 950,- Me sender faktura på e-post.
Denne prisen er inkludert transport til/frå Furutangen.

Kiosken vil vera open på laurdagen.

Me skal ha tivoli for å samla inn pengar til eit misjonsprosjekt

Ta med max kr 200 til kiosk og misjonstivoli.

(NB! Helst oppdelt i mindre sedlar og myntar, viss alle har 200-lapp, får me problem med vekslepengar.)

Velkomen til gudsteneste og middag!

På søndagen er heile familien, besteforeldre m.fl. velkomne til

gudsteneste kl.11.00

Det er òg mogleg for gjestene å kjøpa middag kl. 12.15.

(gi i såfall beskjed i god tid kor mange ekstra som kjem til middag;
t.d. på sms til Turid)

VIKTIG!

Dersom du har sjukdom/allergi (eks matallergi) eller spesielle behov som me bør vita om, så ver vennleg å gi beskjed om dette ved påmelding.

Påmelding innan: tysdag 6. mars

Me vil helst at de skal melda dykk på via kyrkja si nettside:

www.suldal.kyrkja.no

Viss de ikkje får det til, bruk e-post: turid@suldal-kyrkje.no

Me treng følgjande opplysningar:

- ✓ Namn og adresse
- ✓ Klassesitrinn
- ✓ Namn, mobilnr og e-postadresse til minst ein av foreldra
- ✓ Eventuelle andre opplysningar (allergi, diett osv, vaksne som vil vera med? Kjem nokon på gudsteneste/middag?)

Ta kontakt med oss om det er noko du lurer på!

Telfonnummer til kyrkjekontoret Tlf: 52 79 02 00

Mobil Turid Børtveit Skjelstad: 98 43 72 73

